



SELJORD KOMMUNE
Rådmannskontoret

Seljord, 11. november 2005

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS ÅR.
ARKIVNR.: 330.01	
14 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 2005/02786	

-033

HØYRINGSUTTALE OM FORSLAG TIL FORSKRIFTER TIL NY BARNEHAGELOV

Seljord kommune viser til skriv av 26.09.2005, med vedlagt høringsnotat om forskrifter til ny barnehagelov.

Innleingsvis vil Seljord kommune understreke at det er avgjerande viktig at også forskriftene til lova er prega av det grunnsynet som både lov og rammeplanen er basert på, om at barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal gje barna gode utviklings- og aktivitetsvilkår, og ei oppdraging i samsvar med fastsette grunnverdier.

Seljord kommune har merknader til fire av dei forskriftene det er gjort framlegg om.

Forskrift om pedagogisk bemanning

Seljord kommune finn det svært positivt at forslaget vidarefører og i realiteten styrker kravet til pedagogisk bemanning i barnehagen.

Seljord kommune kan etter 15 års erfaring med ei grunnbemanning på 2 førskulelærarar pr. avdeling i barnehagen, dokumentere ein positiv verknad på mange område for kvaliteten i barnehagetilbodet.

Når det gjeld opninga i § 3 om å dispensere mellombels frå kravet, så bør denne avgrensast til eitt år om gongen.

Forskrift om mellombels og varig dispensasjon og unnatak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar.

Seljord kommune ser at det vil vere behov for ei dispensasjonsordning når det gjeld utdanningskravet.

Ein er likevel sterkt negativ til å opne for varig dispensasjon, noko vi vil grunngje nærare nedanfor.

Når det gjeld mellombels dispensasjon, så bør denne avgrensast til eitt år om gongen. Det bør vere eit minimumskrav at eigar minst ein gong pr. år, gjer eit konkret forsøk på å innfri utdanningskravet gjennom ei utlysing etter pedagogisk personale.

Seljord kommune går mot at forskriftene opnar for varig dispensasjon frå utdanningskravet. Ei slik ordning vil kunne undergrave barnehagen sin posisjon som pedagogisk verksemd. Ein ser også klare forvaltningsmessige grunnar som talar mot forslaget om varig dispensasjon. Kommunar vil kunne kome i ein situasjon der dei samstundes er eigar og forvaltar av myndighet, og skal som myndighet ta stilling til eigen søknad som eigar. Dette vil utvilsamt kunne opne for habilitetsproblem. Ein ser også at ei slik ordning kan utnyttast negativt i økonomisk tronge tider, noko som igjen vil kunne gå ut over kvaliteten i barnehagetilbodet.

Seljord kommunen konkluderer difor med at forskrifta berre bør opne for mellombels dispensasjon, og at denne bør avgrensast til eitt år.

Forskrift om politiattest

Seljord kommune finn denne forskrifta nødvendig som eit av fleire hjelpemiddel for å sikre barn mot overgrep i barnehagen.

Vi er derimot usamde i at dette lovfesta kravet må gjentakast i utlysingsteksten i alle utlysingar som gjeld tilsetjing i barnehagen. Dette punktet bør difor ut av forskriftene.

Forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av utrekning og utbetaling av kontantstøtte


Seljord kommune stiller seg undrande til at tilrettelegging av ein administrativ rutine som gjeld kontantstøtta, blir tatt inn i og får ein så dominerande plass i både lov og forskrifter.

Men når no denne oppgåva for kommunane alt er tatt inn i lova, har vi to kommentarar til forslaget til innhald i forskrifta.

I § 3 bør 6 år kunne endrast til 3 år. Ein ser ingen grunn for at kommunen skal sitje på desse opplysningane for barna når dei er mellom 3 og 6 år. I tillegg vil det her kunne vere snakk om store datamengder.

Det bør også opnast for at kommunen får dekt opp ekstraordinære utgifter ut over det reint administrative, som til dømes tilrettelegging av datautstyr for å kunne føre registeret.

Med vennleg helsing


Oddvar Hallaråker
kommunalsjef

Kopi: Barnehagane.
Formannskapet.
Fylkesmannen i Telemark.
KS.